REGULERINGSPLAN FOR NAUSTOMRÅDE PÅ GNR. 51 BNR. 14 - VESTNES KOMMUNE

REGULERINGSFØRESEGNER

Rev.: 20.09.2011
Dato: 07.09.2010

§ 1 Generelt	Desse bestemmelsane gjeld for dei regulerte områda som er vist på plankart datert 20.09.2010. Planen er utarbeidd som detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova § 12-3 Planen er vedtatt av Vestnes kommunestyre i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 den 29.09.2011.
§ 2 Reguleringsformål etter plan- og bygningslova § 12-5.	Bebyggelse og anlegg: Område for frittliggande naust Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur: Kjøreveg Anna vegareal
§ 3 Bebyggelse og anlegg	
§ 3-1 Generelt	Innanfor regulert byggjeområde kan det førast opp bygningar og innretningar i samsvar med plankartet og desse bestemmelsane. Plan- og bygningslova gjeld fullt ut for alle slike tiltak. Likeeins dei forskrifter og saksbehandlingsreglar som til ei kvar tid er gjeldande. Ved utforming av bygningar og andre innretningar skal det leggast vekt på den estetiske utforminga, både for tiltaket i seg sjølv og i forhold til omgivnadane.
§ 3-2 Naust	Med naust er meint uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap. Innanfor kvar tomt kan det førast opp bygningar med bebygd areal inn til BYA = 72 m^2. Største mønehøgde kan vere inntil 7,3 m, målt frå naustgolv og til topp møne. Bygningane skal ha utvendig veggkledning i tre, taket skal ha eit fall på mellom 35-40 grader og tekkast med ikkje-reflekterande/svakt reflekterande materiale. Nausta skal ikkje ha balkong eller veranda. Vindauge skal ha tradisjonell form og storleik tilpassa bygningsutforminga, og avgrensast til langveggane samt ev. 1 lite rektangulært vindauge i gavlen over portane. I naustet kan det ikkje innreiast for anna bruk/varig opphald. Det kan etablerast parkeringsplass for bil på tomtene. Likeeins uteareal for vedlikehald av båtane.

§ 4 Samferdsel	
§ 4-1 Køyreveg	Dette gjeld tilkomstveg til regulerte tomter og til nabotomt i nord. Regulert vegareal er 5 m inkl. sideareal. Vegen kan også nyttast som del av driftsveg om det er ønskjeleg. Vegen skal utformast og leggast slik i terrenget at skråningar (fyllingar og skjeringar) blir så små som mogleg. Desse skal leggast med fall min 1:2, og isåast.
§ 5 Fellesføresegner	
§ 5-1 Avvik og dispensasjon	Avvik og endringar frå planen skal i hovudsak behandlast som reguleringsendring. Kommunen kan når konsekvensen av ei endring er svært avgrensa, vedta denne som ei mindre reguleringsendring. Jfr. pbl § 12-14. Kommunen har mynde til etter pbl kap. 19 gje dispensasjon frå reguleringsplanen og desse føresegnene.
§ 6 Verknad av reguleringsplan	Når denne reguleringsplanen er vedtatt i medhald av pbl § 12-12, er planen straks bindande for alle tiltak som er nemnde i lova kap 20, innanfor planområdet. Det same gjeld frådeling til slike formål. Det kan ikkje gjennom private servituttar eller avtalar opprettast eller gjennomførast forhold som er i strid med planen.

Vestnes……

……..
ordførar